

Protokoll for årsmøtet i Hjelmeland Samfunnshus SA

Tid og stad: Heildigitalt årsmøte i perioden frå 02.07.2020 kl. 13:30 til 16.07.2020 kl. 13:30.

Deltakarar: Alle medlemmer har fått innkalling. 13 medlemmer deltok på årsmøtet.

Sak 01/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

I følge vedtektene til Hjelmeland Samfunnshus SA, skal årsmøtet haldast innan juni 2020, og det skal kallast inn minst éi veke før årsmøtet.

Regjeringa har i år tillatt å halda digitale årsmøte utan fysisk frammøte som eit førebyggjande tiltak under koronapandemien.

Me har fått tilbod om å bruka tenesta digitalearsmoter.no til å gjennomføra årsmøtet, noko som både lettar arbeidet med å planlegga og gjennomføra årsmøtet, samtidig som det er enklare å nå fleire av medlemmene.

Styret si tilråding: Sidan situasjonen har blitt som den har blitt i år, tilrår styret at årsmøtet kan gjennomførast digitalt, og at innkallinga og saklista blir godkjende.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste, og at årsmøtet kan gjennomførast digitalt.

(12 stemmer for, 0 stemmer mot, 0 blanke stemmer)

Sak 02/2020: Godkjenning av kven som har stemmerett

Alle medlemmer med kjent mobilnummer har fått personleg innkalling til digitalt årsmøte.

Styret har dei siste åra brukt mykje tid på å rekonstruera medlemslista/oversyn over andelseigarar, ut frå Hjelmeland Samfunnshus SA sine historiske dokument. Dette arbeidet er framleis ikkje fullført, men me har aldri vore nærare å ha ei tilnærma komplett medlemsliste.

Styret si tilråding: Alle medlemmene med kjent mobilnummer har blitt kalla inn personleg til digitalt årsmøte, og har dermed stemmerett ifølgje vedtektene.

Vedtak: Alle som har fått personleg invitasjon, og deltek i årsmøtet, har stemmerett.

(13 stemmer for, 0 stemmer mot, 0 blanke stemmer)

Sak 03/2020: Godkjenning av årsmelding for 2019

Årsmeldinga for 2019 blei sendt ut som vedlegg til årsmøtet, og ligg i tillegg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no).

Styret si tilråding: Styret meiner at årsmeldinga gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet. På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2019.

(13 stemmer for, 0 stemmer mot, 0 blank stemme)

Sak 04/2020: Godkjenning av årsrekneskapen for 2019

Årsrekneskapen for 2019 blei sendt ut som vedlegg til årsmøtet, og ligg i tillegg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no).

Driftsinntektene blei noko høgare i 2019 enn i 2018, men driftskostnadane auka òg, slik at resultatet berre er marginalt betre enn året før. Dei auka kostnadane skuldast i stor grad utgifter i samband med oppussing, innkjøp av nytt utstyr og reparasjonar på bygget.

Rekneskapen for 2019 blir gjort opp med eit negativt driftsresultat på kr 56.050,70, mot eit negativt driftsresultat på kr 97.373,84 i 2018. Styret merkar seg at rekneskapen hadde blitt gjort opp med enda større underskot utan driftstilskotet frå Hjelmeland kommune og samarbeidsavtalane me har med tre lokale bedrifter.

Avskrivningar i 2019 utgjer kr 120.376,88, mot kr 100.863,76 i 2018.

Styret si tilråding: Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift, men understrekar viktigheita av å halda fram arbeidet med å kutta driftskostnader og auka inntektene ved å skapa og leggja til rette for stadig meir aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2019, inkl. disponering av underskot ved overføring mot føretaket sin egenkapital.
(12 stemmer for, 0 stemmer mot, 0 blank stemme)

Sak 05/2020: Innspel til handlingsplan for komande arbeidsår

Styret bad om innspel og forslag til aktivitetar i handlingsplanen for 2020/2021. Det blei ikkje lagt inn noko innspel til handlingsplanen.

Vedtak: Styret tar med seg innspela til handlingsplanen for 2020/2021 i det vidare arbeidet.
(11 stemmer for, 0 stemmer mot, 2 blank stemme)

Sak 06/2020: Gjennomgang av vedtektene

Gjeldande vedtekter for Hjelmeland Samfunnshus SA (vedtatt 07.06.2018) og blei sendt ut som vedlegg til årsmøtet, og ligg i tillegg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no).

Årsmøtet vedtok i sak 07/2019 at «Styret legg fram sak om total gjennomgang av vedtektene i neste ordinære årsmøte.»

Styret si tilråding: Styret har delegert til arbeidsutvalet å ta ein gjennomgang av vedtektene, og vurderer om det er behov for å endra dei. Arbeidsutvalet si tilbakemelding er at vedtektene våre ber preg av å vera minimumsvedtekter, men at det heller ikkje er behov for å utvida eller justera nokre av vedtektene.

Vedtak: Årsmøtet tek saka til orientering, og sluttar seg til styret si vurdering av at det ikkje er behov for å endra vedtektene på nåverande tidspunkt.
(10 stemmer for, 0 stemmer mot, 2 blank stemme)

Sak 07/2020: Val av styre

Årsmøtet i 2019 valde følgjande styre:

Leif Velde-Johannessen	leiar	1 år	<i>ikkje på val</i>
Marianne Hausken Olsen	nestleiar	2 år	<i>attval</i>
Morten Hetland	økonomi/administrasjon	2 år	<i>attval</i>
Edel Gausland	styremedlem	1 år	<i>ikkje på val</i>
Krister Seljeset	styremedlem	1 år	<i>ikkje på val</i>
Ole Henrik Olsen	1. varastyremedlem	1 år	<i>ikkje på val</i>
Martin Bischoff	2. varastyremedlem	1 år	<i>attval</i>

Årsmøtet i 2020 skal velja

- styreleiar for 1 år
- to styremedlemmer for 2 år
- to varamedlemmer for 1 år

Styret fungerer som valnemnd, og tilrår attval av Leif, Edel og Ole Henrik i sine verv. Martin tar ikkje attval, og der føreslår styret Oskar Ommundsen som nytt 2. varastyremedlem.

Vedtak:

- Leif Velde-Johannessen (styreleiar, 1 år)
- Edel Tausland og Ole Henrik Olsen (styremedlemmer, 2 år)
- Marianne Hausken Olsen og Morten Hetland (styremedlemmer, 1 år igjen av valperioden)
- Krister Seljeset og Oskar Ommundsen (varastyremedlemmer, 1 år)

Referent:



Morten Hetland